

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Saksb.: Ragnhild Redse Mjaaseth  
e-post: [fmnormj@fylkesmannen.no](mailto:fmnormj@fylkesmannen.no)  
Tlf: 75531559  
Vår ref: 2017/554  
Deres ref: «REF»  
Vår dato: 10.03.2017  
Deres dato: «REFDATO»  
Arkivkode: 432.1

## Oppstart av verneplanarbeid i Brønnøy, Bindal og Vefsn

Fylkesmannen i Nordland melder hermed oppstart av verneplanarbeid for Ursvatnet, Oksbåsen, Eidvatnet og Etterseterbekken i Brønnøy, Bindal og Vefsn kommunar. Oppstartsmeldinga er i samsvar med § 42 i Naturmangfoldlova. Aktuell verneform er naturreservat, jamfør § 37 i Naturmangfoldlova.

### Offentlege føringar og frivillig vern

Gjennom behandling av Stortingsmelding 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Norge. Meldinga inneheldt viktige prinsipp og satsingsområder for skogvernet. Det vart blant anna lagt til grunn av eit utvida skogvern skal følgje dei fagleg anbefalingane i NINA rapport 54/2002: «Evaluering av skogvernet i Norge». I meldinga vart frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Norge. Frivillig vern inneber at grunneigar tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvernmyndigheitene vurderer tilbodet og set i gang naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. Dersom området som er tilbode inneheld kvalitetar nok til at det er aktuelt å fremje eit verneforslag skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning.

Områda som er foreslått for vern er kome fram gjennom ordninga med frivillig vern i skog. Det er foreløpig ikkje inngått skriftleg avtale mellom skogeigarane og staten, men skogeigarane har gitt løyve til at arbeidet med verneplanen kan setjast i gang. Før vernevedtaket vil ein avtale om erstatning forhandlast fram mellom dei berørte grunneigarane og staten.

I områder med gammal kunnskap er eller skal det gjennomførast nye naturtypekartleggingar. Nykartleggingane skal danne grunnlaget for den vidare prosessen. Etterseterbekken er kartlagt av NINA-gruppa i 2009 og treng ikkje nye kartleggingar. Eidsvatnet vart kartlagt i 2016 medan Ursvatnet og Oksbåslia vil bli kartlagt denne feltsesongen.

Vi melder oppstart i følgjande områder:

Område	Kommune	Areal (daa)	Berørte eigedommar (gnr/bnr)
Ursvatnet	Brønnøy	7066	5/1
Oksbåslia	Bindal	3352	38/1
Eidsvatnet	Bindal	3000	78/1
Etterseterbekken	Vefsn	479	15/3 og 15/9

### Områdeskildringar og verneverdiar

Ursvatnet ligg på sørsida av Ursfjorden, sør for Hommelstø i Brønnøy kommune. Her er det registrert kystgranskog med verdi B i naturbase. Lokaliteten i naturbase dekker halvparten av området som er tilbode. Området ligg fint til i eit dalføre med naturleg avgrensing mot tilstøtande fjellområder. I dalsidene er det mykje frodig skogsmark. Den artsrike, høgstaudeprega vegetasjonen vitnar om eit rikt jordsmonn. Berggrunnen består av glimmersneis med ei tynn marmoråre som går inn i lokaliteten. Skogstrukturen verkar generelt naturleg og nærmast intakt fordi spora etter hogst langt på veg er utviska. Kartleggingane her er noko gamle og Fylkesmannen har anbefalt at området kartleggast på nytt i løpet av feltsesongen 2017. Eigedommen ligg innanfor Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt.

Oksbåslia er ei bratt li på nordsida av Tosenfjorden i Bindal kommune. Heile nordsida av Tosenfjorden er relativt varm og har derfor generelt ein svært rik flora. Dette området har også kalkgrunn (marmor). Det er registrert ein lokalitet med sørvendte berg og rasmark i naturbase med verdi A. Nordlandsasal som er endemisk for Bindal kommune veks her. Det finst også andre interessante artar som murburkne og kalktelg. Registreringane er gamle, og Fylkesmannen har anbefalt at området kartleggast på nytt i løpet av feltsesongen 2017. Eigedommen ligg innanfor Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt.

Eidsvatnet ligg i Bindal kommune i tilknytning til Eidvatnet naturreservat, mellom Ursfjorden og Tosen. I naturbase er det registrert ein kystgranskog med verdi A og ein lokalitet av naturtypen rasmark med verdi C. Dette er gamle registreringar, og området vart kartlagt på nytt i 2016. I kystgranskogen er det også innslag av lauvskog og her finst det artsrike lungeneversamfunn. Overgangssona mellom fjellet og stranda er svært kalkrik. Her finst kalkkrevande karplanter og mosar. Den andre lokaliteten er dårleg beskreve i naturbase. Dette er ei utviding av eit eksisterande verneområde, og vil tilføre naturreservatet ytterlegare kvalitetar. Berggrunnen består hovudsakeleg av glimmergneis, men lengst nord i lokaliteten, på sørsida av Fjellvatnet, er det litt marmor. Eigedommen ligg innanfor Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt.

Etterseterbekken: Ligg eit par kilometer sør for Mosjøen sentrum. Ein stor del av eigedommen ligg på marmorgrunn. Det er tre naturtypelokalitetar innanfor det avgrensa området. Ein av lokalitetane har verdi A og dei to andre har verdi B. Lokaliteten med verdi A er ein kalkgranskog med stort potensial for raudlista markbuande sopp. Skogen er relativt gammal, med grovdimensjonerte tre og ganske mykje dødved. Dei andre naturbaselokalitetane, som har fått verdi B, er ei relativt stor bekkekløft og ein gråorskog som er viktig for fleire trua artar. Kartleggingane vart utført av NINA-gruppa under bekkekløftregistreringane i 2009. Vi meiner at kartlegginga er av så god kvalitet at det ikkje er behov for nye kartleggingar. Eigedommen ligg innanfor Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt.

---

Områda som er tilbode for vern vil bidra til ytterlegare areal av kystgranskog, kalkskog og bekkekløft som er svært viktige og relativt sjeldne naturtypar. I tillegg vil eit vern av eigedommen ved Eidsvatnet tilføre naturreservatet fleire kvalitetar som det ikkje har frå før, blant anna rikare vegetasjonstypar.

### **Konsekvensar av verneforslaget**

Verneområder blir oppretta for å ta vare på naturverdiane. I verneområder er det derfor nødvendig å begrense mulegheita for naturinngrep. Blant anna vil det vere forbod mot fysiske inngrep og vegetasjon og dyreliv er freda mot skade og øydelegging. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement og anna organisert bruk treng særskilt løyve. Sykling og bruk av hest vil vere begrensa til eksisterande veiar og stiar.

Kva bestemmelsar som vil gjelde for dei forskjellige områda vil bli beskreve i verneforskrifta når verneforslaget blir sendt på høring. Generelt kan vi nevne at alle inngrep som vil forringe verneverdiane vil vere forbode. Skogbruk vil dermed ikkje vere tillate. Områda vil fortsatt kunne brukast til blant anna friluftsliv, jakt, beiting, bær- og sopplukking.

### **Innspel og vidare prosess**

Fylkesmannen melder oppstart av verneplanarbeidet for å sikre medverknad før vi utarbeider eit verneforslag.

Vi vil gjerne ha synspunkt på verneplanen både når det gjeld grenser, brukarinteresser og naturverdiar. Vi ønskjer medverknad som kan bidra til gode løysingar for både bruk og vern.

Eventuelle kommentarar til oppstartsmeldinga og innspel til verneplanarbeidet kan sendast skriftleg til Fylkesmannen i Nordland, 8002 Bodø eller [fmnopost@fylkesmannen.no](mailto:fmnopost@fylkesmannen.no) **innan 21. april 2017.**

Arbeidet vil utførast etter saksbehandlingsreglane i rundskriv T2/15, «Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§41-43)». På bakgrunn av tilbakemelding frå Sametinget vil det ikkje opprettast ei arbeidsutval som skal hjelpe Fylkesmannen gjennom utgreiingsprosessen. På grunn av begrensa storleik på områda vil det heller ikkje utarbeidast konsekvensutgreiingar, men følgjene for forslaget vil bli beskrevet i høyringsutkastet.

Etter gjennomgang av kommentarar til oppstartsmeldinga vil verneforslaget med detaljert avgrensing av områda og verneforskrifter sendast på høring med frist på to månader for å kome med ein uttale.

Meldinga om oppstart blir sendt til berørte grunneigarar, kommunar og aktuelle organisasjonar med fleire, jamfør vedlagt adresseliste. Vi ber om å bli kontakta ved feil eller manglar i adresselista. Oppstart blir også kunngjort i Helgelendingen og Rana Blad og Brønnøysunds Avis.

---

Ved eventuelle spørsmål eller ønske om meir informasjon, ta kontakt med Ragnhild Redse Mjaaseth, e-post: [fmnormj@fylkesmannen.no](mailto:fmnormj@fylkesmannen.no), tlf: 75 53 15 59, eller Christian Brun-Jenssen, e-post: [fmnocbj@fylkesmannen.no](mailto:fmnocbj@fylkesmannen.no), tlf: 75 53 15 58.

Med helsing

Christian Brun-Jenssen (e.f.)  
seksjonsleder

Ragnhild Redse Mjaaseth  
rådgiver

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift.*

Kopi til:

Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM  
Allskog SA 7047 TRONDHEIM

Vedlegg:

1 Kart over områder som er aktuelle for frivillig vern

Mottakerliste:

Universitetet i Tromsø

Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk Industri

Norsk Bergindustri

Norsk Biologforening

Luftfartstilsynet

Friluftslivets fellesorganisasjon

Den Norske Turistforening

Karin Solfrid Stokka

Vestersidvegen 155 8658 Mosjøen

Nordland Bonde- og småbrukarlag v/ Marielle

Vink de Roos

Sametinget

Statskog SF

WWF - Norge

Norske Samers Riksforbund (NSR)

Norsk Zoologisk Forening

Norges vassdrags- og energidirektorat

Norges Miljøvernforbund

NHO Reiseliv

Direktoratet for mineralforvaltning med

Bergmesteren for Svalbard

AVINOR AS

FNF-Nordland

Statens vegvesen region Nord

NVE Region Midt-Norge

---

Universitetets naturhistoriske museer og  
 botanisk hage  
 Riksantikvaren  
 NTNU, Vitenskapsmuseet  
 Norges Naturvernforbund  
 Natur og Ungdom  
 Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
 Fakultetet for naturvitenskap og teknologi,  
 NTNU  
 Kjell Gustav Øverås Flatmo 8960 Velfjord  
 Nordland Ornitologiske Forening v/ Atle Ivar  
 Olsen  
 Nordland Reiseliv AS  
 NJFF Nordland  
 Naturvernforbundet i Nordland  
 Sør-Hålogaland HV Distrikt HV-14  
 Brønnøy kommune  
 Statkraft SF  
 Norsk Sau og Geit  
 Norsk Botanisk Forening  
 Norges idrettsforbund og olympiske og  
 paralympiske komité  
 Norges Jeger- og Fiskerforbund  
 Norges Bondelag  
 Nordland Zoologiske Forening  
 Vesterfjell sankelag v/Stig Vikdal  
 Norskog  
 Norsk Ornitologisk Forening  
 Norsk Orkideforening  
 Norges Geologiske Undersøkelser  
 Forsvarsbygg  
 Biologisk institutt, Universitetet i Oslo  
 Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt v/ Per Anders  
 Kappfjell  
 Bindal beitelag v/ Eli Horsberg  
 Universitetet for miljø- og biovitenskap  
 Språkrådet  
 SABIMA  
 Norsk institutt for naturforskning  
 Norges Orienteringsforbund  
 Norges handikapforbund  
 Monica Fjellseth Vestersidvegen 254 A 8658 MOSJØEN  
 Nordland Bondelag  
 Mattilsynet Nordland  
 Landbruksdirektoratet  
 Norsk Organisasjon for Terrengsykling  
 Friluftsrådenes Landsforbund  
 Frithjof Møinichen Plahte Sørfjordveien 10 7980 Terråk  
 Turistforeningene i Nordland c/o Bodø og  
 omegns turistforening

---

---

Nordland fylkeskommune  
Bindal kommune  
Jillen-Njaarke reinbeitedistrikt v/ Torstein  
Appfjell  
Statnett SF  
Statens Kartverk  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norske Reindrifstamers landsforbund  
Norges Skogeierforbund  
Norges Luftsportforbund  
Kommunenes sentralforbund  
Sverre Stokka  
Vefsn kommune

Vestersidvegen 155 8658 MOSJØEN

# Vedlegg 1: Oversikt over skoglokaliteter som er aktuelle for frivillig vern

